

## SAMARBEIDSAVTALE

### Avtale om felles brannvesen, beredskap og feiing mellom kommunane Lindås, Meland og Modalen (unntak for feiing).

#### 1. Vertskommunesamarbeid.

Felles brannvesen, beredskap og feiing for Lindås, Meland og Modalen er oppretta som vertskommunesamarbeid utan nemnd og etter Kommunelova § 28b. Avtalen om feiarteneste er ikkje gjeldande for Modalen kommune som har feiaravtale med Masfjorden, Gulen og Solund kommunar.

Namnet skal vera Lindås, Meland og Modalen Brann og redning.

Meland er deltakarkommune.	Folketal pr. 01.01.17	8021 personar
Modalen er deltakarkommune.	Folketal pr. 01.01.17	383 personar
Lindås er vertskommune.	Folketal pr. 01.01.17	15731 personar
	Folketal totalt:	24135 personar

Fordelingsprosent: Lindås 65.4%, Meland 33.0%, Modalen 1.6%.

#### 2. Føremålet med samarbeidet.

Føremålet med samarbeidet med felles brann- og feiarvesen er å sikre ein best mogeleg beredskap innafor brann, redning og akutt forureining. Dette vil også bidra til å sikra best mogeleg teneste innafor feiing og bustadtilsyn og det førebyggjande arbeidet. Alt dette skal skje innafor dei ressursar som samarbeidet rår over. I tillegg skal dette sikra at alle kommunar i samarbeidet leverar like teneste iht lov og forskrift.

#### 3. Oppgåver og ansvarsmynde.

Lindås, Meland og Modalen Brann og redning skal gjennomføre alle oppgåvene som kommunane er pålagd etter «Brann- og eksplosjonsvernlova» med tilhøyrande føresegner og rettleiarar slik som det går fram av felles brannordning.

Brannsjefen rapporterer til rådmannen i Lindås kommune. Kommunestyret i kvar av dei deltakande kommunar delegerer dei fullmakter som er tillatne delegert etter aktuelt lovverk til Brannsjefen.

#### 4. Organisering, dimensjonering og lokalisering.

Brannvesenet og NGIB er organisert som eiga eining i Lindås kommune. Organisasjonen sin administrasjon er lokalisert til hovudbrannstasjon, pr.dd lokalisert i Alversund (Stølen 7) .

Brannsjefen har ansvar for budsjett og dagleg leiing av organisasjonen. Lindås kommune har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette. Brannsjefen har det overordna ansvaret for alle tilsette. Avdelinga er organisert med avdelingsleiar som har det nærmaste personal-, økonomi- og fagansvar innanfor sine rammer.

Lindås, Meland og Modalen Brann og redning skal til ein kvar tid ha stillingsheimlar i samsvar med dimensjoneringsforskrifta og lokal brannordning/risiko.

### **5.Økonomiske tilhøve.**

Brannsjefen skal utarbeide budsjett og har ansvar for at vedtekne budsjett vert gjennomførte. Grunnlaget for budsjetter er alle utgifter og inntekter som må til for at brannordninga skal gjennomførast. I tillegg skal husleiger, kostnader med støttefunksjonar til administrativ drift samt alle andre driftskostnader relatert til ansvarsområdet takast med.

Alle større investeringskostnader skal finansierast av vertskommunen.

Feiarvesenet skal dekke sine kostnader med gebyr Jfr Lov om brannvern § 28. Gebyra skal reknast etter sjølvkost for feiarvesenet. Gebyra skal fordelast likt på kvar godkjend skorstein i kommunane. Gebyret vert såleis like store i kommunane (unntak for Modalen kommune).

Rekneskapet for samarbeidet skal førast særskild med eige ansvar etter kommunerekneskapet. Ved overskot/underskot i samarbeidet skal dette tilbakebetalast/fakturerast den enkelte kommune etter fordelingsnøkkelen.

### **Særskilt for Modalen kommune.**

- Modalen kommune skal betale eit årleg grunnbeløp – stort kr 600.000. Grunnbeløpet skal indeksregulerast pr. 1.5. - første gong i 2018 - tilsvarende fastsett samla pris- og kostnadsvekst (kostnadsdeflator) i statsbudsjettet.
- Modalen kommune skal betale ein andel av årleg driftsbudsjett utrekna etter folketalet i kommunane (Modalen sin andel -1.6%). For 2017 utgjør dette ca. kr 315.000.
- Modalen kommune betalar inn ei ekstra årleg innbetaling for åra 2017, 2018 og 2019 (fast stor kr 200.000.- pr år). Dette skal dekkja avvik i forhold til «Rein brannmann» og avvik i forhold til kompetanse og utstyrbehov forankra i lokal ROS. Det er utarbeida prioriterings lista basert på kartlegging haust 2016.
- Mannskaper i Modalen har høgare sats for personsøkjjar tillegget enn mannskaper i Lindås og Meland. Denne differanse vert dekkja av Modalen kommune som ekstra bevilgning. Avtalen gjeld så lenge det er differanse mellom mannskapa. Målet er å synkronisera satsane over tid.
- Modalen kommune kostar utbetring av stasjonen på Mo og inngår leigeavtale med vertskommunen om dette.
- Modalen kommune må sjølv betale kostnader for å oppretthalde drifta av branngarasje/depot på Øvre Helland, men bruk av anlegg/utstyr vil inngå i samarbeidet.
- Bilar og utstyr som Modalen eig skal vere med inn i samarbeidet. Drift/vedlikehald vert ivareteke av samarbeidet. Modalen kommune står framleis som eigar av sine bilar og dei vert derfor ikkje omregistrert. Ved eventuell retrett (oppseiing) frå avtalen vil bilane og utstyret tilhøyre Modalen kommune. Ved seinare trong til utskifting av bilar vil dette verte gjort gjennom samarbeidet.
- Inkludert i avtalen er kostnader til TETRA, 110 og IUA. Kostnader til Sivilforsvarets sitt lager blir halde utanfor (gjeld også for Lindås og Meland).
- Avtalen om feiarveneste er ikkje gjeldande for Modalen kommune, som har feiaravtale med Masfjorden, Gulen og Solund kommunar. Krav til dokumentasjon, kvalitet og

metode er likevel likt i alle kommunar. Brannsjefen i vertskommunen er faglig ansvarlig også for innleigde tenester.

## **6. Informasjonsmåte.**

Rådmannen i vertskommunen informerer rådmann i Meland og Modalen om naudsynte saker. Dette kan skje i rådmannsmøta eller på anna måte. Brannsjefen kan også orientera direkte til rådmannen i den enkelte kommune (ikkje via kommunalsjef e.l).

## **7. Opptak av nye deltakarkommunar i samarbeidet.**

Etter søknad kan andre kommunar søke om deltaking i dette samarbeidet. Deltaking må skje etter drøftingar mellom kommunane der og ny felles brannordning må utarbeidast.

## **8.Sal av tenester.**

Organisasjonen skal ha høve til å selje tenester innafor sitt område.inntekt av tenestene skal først i rekneskapet for organisasjonen. Sal av tenester må ikkje kome i strid med "Lov om off. anskaffing". Prising av tenestene skal skje etter vanleg forretningsmessige prinsipp. Betaling av tenester må ikkje vera i strid med gjeldande regelverk vedk. lovpålagde tilsyn m.m.

Deltakande kommunar skal ikkje betale for slike tenester (kurs o.l på dagtid) då kostnadene med gjennomføring av desse tenestene er rekna som ein del av totalkostnadane i samarbeidet.

## **9.Avvikling av samarbeidet.**

Avtalen gjeld frå 01.05.2017 og gjeld til den blir oppsagd. Kvar av deltakande kommunar kan seia opp avtalen med 2 års varsel. Deltakarkommunen vil då gå ut av samarbeidet 1.januar etter at oppseiingstida er over. Ved mogeleg opphøyr av avtalen skal verdiane i organisasjonen fordelast i samsvar med fordelingsnøkkelen. Verdien vert sett etter nøytral takst.

## **10.Tvisteløysing.**

Dersom det oppstår usemje om korleis avtala og samarbeidet vert å forstå, skal ein søkje å finne løysningar ved tingingar. Når ein ikkje fram med tingingar, skal det opp nemnast ei nemnd der kvar kommune har sin representant og ein felles nøytral domsmann t.d. lensmann til å freiste finne ei løysing ved valdgift.

Denne avtala er godkjend med kommunestyrevedtak i kvar kommune.

Lindås den.....

.....  
Rådmann i Lindås

.....  
Rådmann i Meland

.....  
Rådmann i Modalen

